Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Skav

Oppskr. av: Johannes Hagen

(adresse): Leksvik

Fylke: Nord-Tröndelag

Herad: Leksvik

Bygdelag: Blankbygda

Gard: Röstad nordre

G.nr. 34 Br.nr. 2 + 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. eiga röynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 attåtfôr

2 Eg kjenner ikkje noko serskild samnamn for dette skogforet

3 Skåvå, skav, skov, skavi.

4 Ja. Skav. I gamal tid var det årvisst attåtfor; men det har etterkvart gått av bruk, så no er sjeldan nytta.

5 Det er så å seia berre rogn som er brukt til skav.
Nei, bartre er ikkje nytta til skav.
Men furubork vart nytta til borkemjöl i svelteår i gamal tid.
Rognborken vert best eten av krötera, og den gjev god, feit mjölk.

6 Rogn av höveleg storleik er nemnt for skavrogn.

1998

2 blad

Emne nr. 7

2

7 ~~Vii~~ Vi'i velti,
Selli svelti,
rogn fö,
hegg gjö.
Alm har det vori så liti av i bygda, at han har ikkje havt noko å seia for kröterforet.

8 Mest kyrne, sauene fekk kjervalauv og eine, og geitne kjervalauv og bar av eine og gran.
Utover etterjulsvinteren og våren, for det meste
Dei fekk skavet mykje for seg ~~sjölv~~, men stundom og så blanda med höy eller halm.
Det vart så å seia nytta berre rognskav, for det åt kyrne best.

9 Ja, kyrne mjölka meir, og det vart feitare mjölk og finare smör når dei fekk skav.
Skav av osp hadde ord på seg for å gjeva beiskesmak på mjölka.

10 Ja, skavet vart hogge når dei tok til med skavinga, så det vart henta eins erend.
No im 50 år har det vori nytta berre streng og granstaur til hesjing, så det kan eg ikkje svara på.

1998

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

11 I veig å hogg skav, eller
i veig å hent skav.

12 Skavved

13 Nei ordet „Marka" kjenner eg
ikkje.

14 Det var mest utover etterjuls-
vinteren. Det var etter som ver
og føre var. Noko skavhenting
langfredag har eg ikkje høyrt
tale om.

15 Mest inne i stova.

16 Ein tollekniv var den van-
lege reiskapen. Skavkniv eller
skavljå har eg korkje sett
eller høyrt tale om.

17 Ein tek skavkjeppen i eine
handa og tollekniven i den andre
og skev av borken med kniven.
Når ein skev til kornstaur
nyttar ein helst ein bandkniv,
men det har ikkje noko med
krøterfôr å gjera. Skavkrakk
og skavhest kjenner eg ikkje til.

19 Ein sit på ein stol eller krakk
Kjeppen held ein roleg.

1998

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Blad 3
Emne nr. 7



20 Skavved, skavkjeppe og litt tjukkare skavlompe.

21 Skav. Nei der er skav

22 Mest tunne, for dei har finaste barken, men stundom vart og større tre nytta. På jamnen litt lenger enn vanleg brennved.

23 Skjevil, skjevila.
Ein riktig tjukk skjevil vart kalla ein skjevil-lompe

24 Tunne kvistar vart skorne tvert av så både bark og ved var med. ~~..~~ tunne kjeppar skav ein med noko av veden og, men tjukke lompar måtte ein skava barken minst i 2 lag, så ikkje skavstrimlane vart for tjukke.

25 Veden vart mest nytta til omnved.

26 Nei, no er skav så godt som inkje nytta lenger til kröterför i bygda. I 1931 var siste gongen det vart nytta skav her på garden, og storparten av fehaldarane i bygda hadde slutta med skavinga lenge før.

#

1998
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING